


# BRATTVÅG ROTARYKLUBB

## Medlemsbrev nr. 2, 2007/2008

### Oktober, November, Desember

### President Lidvar Sunde



Redaksjonskomité: Thorleif Marken, Rolf Doran, Hjørdis Kristine Fylling, Rolv Rørhus, Bjørn Sandnes, Johan Mork, Ivar Fjørtoft

#### 02.10.2007 - Fritt møte.

#### Presidentens møte. Info fra Distriktskonferansen og Guvernørbesøket

##### Fødselsdager: -

Dette var eit fritt møte der presidenten orienterte frå distriktskonferansen som hadde vore i Kristiansund. Motto for konferansen var inkludering og involvering. Cato Zahl Pedersen hadde halde eit svært godt foredrag under overskrifta ”frå sjukeseng til Sydpol”.

Vidare fortalte Lidvar at verdenspresidenten hadde medlemsutvikling som sitt viktigaste arbeidsområde. Polio er no nesten utrydda (99%) og er inne i avslutningsfasen. Det står igjen 4 land, desse er Nigeria, India, Pakistan og Afganistan. Det vart vidare litt nytt frå kommunestyret ved Bente Bruun. Ho orienterte om kommunens val av pilotprosjekt innan bustadbygging. Det var Samfjord Invest AS sitt prosjekt i Strandgata i Brattvåg som gjekk av med sigeren. Dette er eit spanande prosjekt som vi vil få høre meir om i løpet av kort tid. Vidare orienterte Bente om byggfeltet Kyrkjeskaret på Eidsvikeidet og eit busstadsprosjekt i Eidsvika..

Ref: Bjørn S



tre klubbane hatt sine eigne møte med guvernøren, og etter som ho sa i sin tale var det bra orden og drift hos alle tre.

Unni sitt foredrag om Rotary var spesielt vektlagt rekruttering. Både ho og vi andre ser med spaning fram til resultatet av Vatne-Tennfjord sin rekrutteringsoffensiv. Eit friskt forsøk på å auke medlemstalet, vi ynsjer dei lukke til. Guvernøren hadde mange spørsmål i sitt innlegg, spørsmål

som vi absolutt bør dvele ved og tenke over. Unni avslutta ved å ta opp Ove Finnes som ny medlem i Brattvåg RK. Deretter var det god mat, kaffe og prat.

Ref: Bjørn S



#### 09.10.2007 - Guvernørbesøk

##### Fødselsdager:

Ivar Fjørtoft 7/10

Hjørdis Kristine Skaar 7/10

Presidenten Lidvar vår ynskte alle velkommen, men spesielt til guvernør Unni Alfei og gjester frå Ørskog RK og Vatne-Tennfjord RK som var på besøk denne kvelden.

Ivar og Hjørdis fekk klapp for vel overstått åremålsdag.

Før det ordinære møtet hadde dei

#### 16.10.2007 - Reisebrev fra Grønland v/Endre Sandnes

##### Fødselsdager:

Johanne Alvestad 12/10

Denne dagen var det innkomande president Thor Grønmyr som ynskte velkommen.

Først var det 3-minutt ved Arne Vågnes. Han har vore leiar i fotballgruppa i Brattvåg IL dei siste åra og han fortalte om den største friviljuge organisasjonen i bygda.

Brattvåg har som målsetting og vere det ”Beste laget på Nodre Sunnmøre”, og i år har dei i alle fall levd opp til det. Arne fortalte om leigeavtale med Haram kommune og Haram videregående skule. Det er fotball som er den dominerande aktiviteten i BIL. No står påbygging av klubbhus føre samt skifte av dekke på kunstgrasbana. Arne avslutta med å minne om viktigheta av økonomisk støtte, og spesielt næringslivet og deira bidrag betyr mykje for drifta av laget. Etterpå vart det ”Reisebrev får Grønland” ved Endre Sandnes. Han viste bilete og fortalte frå ein tur han og Anlaug hadde vore på i sommar med hurtigruteskipet Fram.



Med sine 56000 innbyggjarar er Grønland eit stort land med lite folk. Vi fekk inntrykk av at husa var velstelte og fargerike.

Språkunnskapen blant folk var ikke så god, og dei snakka lite dansk no i forhold til før. Leveveg er fiske og fangst.

Dei mange fine bilete viste mange store og små isfjell og ein vakker natur. Smelting og





klimaendringar vil nok merkast godt her, og utviklinga er alt negativ med større og raskare endringar enn tidlegare, så her har vi alle ei utfordring.

*Ref: Bjørn S*

## 26.10.2007 - Krabbefest

**Fødselsdager:** *Rune Fjørtoft 19/10*  
President Lidvar opna møtet og ynskte velkommen både til gjestane

frå Ålesund Øst og våre eigne.  
Denne gongen la vi krabbefesten til ein fredag.  
I starten av møtet vart Jøstein Taftø teke opp som nytt medlem i klubben. Jøstein er til dagleg rektor ved Haram vidaregåande skule.

Med Øyvind ved pianoet og Sindre som festleiar var alt i dei beste hender.

Etter innleiing med sang vart det servert god krabbe frå Fjørtoft, men også reker var på bordet. Eit kjempegodt måltid som kameratskapskomiteen fekk mykje ros for.



Lidvar heldt så eit innslag der han informerte oss om krabben og korleis den skapt og fungerer. Deretter vart det loddssal med svært så mange gevinstar. Det vart rapportert om store inntekter som skal gå til Rotary Foundation. Som seg hør og bør i festlege lag vart det servert mange gode historier.



Bestemannsprisen her må eg for eigen del gje til Guttorm Vik som var på besøk hos oss denne kvelden. Snart 60 var vi samla på denne fine haustkvelden i Bygdestova.

*Ref: Bjørn S*

## 30.10.2007 - Nye Brattvåg Barneskule


### Fødselsdager: -

Denne kvelden var vi på omvisning på Brattvåg nye barneskule. Vi var først samla



i personalrommet der rektor Magne Lundemo orienterte dei mange frammøtte om skulen og det arbeidet som har vore gjort frå planlegginga starta og fram til skulen no står der ferdig.

Brattvåg barneskule er arbeidsplassen til 40 personar, 27-28 av disse er lærarar. Tilsaman er der i dag 207 elevar, men skulen er bygd for å kunne ta imot over 300. Arkitektane som har teikna skulen fekk i oppdrag å gi den eit maritimt preg, noko dei har lukkast godt med.



Etter orienteringa gjekk vi rundt i dei forskjellige delane av skulen og fekk god informasjon av Magne. Det vi såg var vi svært fornøgd med, fine lokalitetar med fargar som kvikka godt opp i eit lyst og triveleg miljø.

*Ref: Bjørn S*

## 06.11.2007 – Møtefri

### Fødselsdager:

*Øyvind Haugen 3/11*

*Eldar Sæterøy 4/11*

Møtefri. Møtet blir lagt til Brattvåg sin 96-års fødselsdag 11.11.07 på Ingebrigts Davik-huset..

## **11.11.2007 – Feiring av Brattvåg bursdag i Ingebrikt Davik-huset. ”Stjerner i sikte”-konsert med Brattvåg Janitsjar mfl.**

Brattvåg Janitsjar arrangerte for 3. år på rad konserten ”Stjerner i sikte” på Brattvåg sin fødselsdag. Det vart ein forrykande drømmekonsert med Brattvåg Janitsjar sin sprelske dirigent Terje Tafjord i spissen.

Leiar i janitsjaren Øyvind Skjelten ønska det talrike publikum og takka for brei støtte frå det lokale næringsliv. Konserten vart opna med allsong av bursdagssongen til Brattvågbygda.

Det gnistra av Brattvåg Janitsjar. Høgt musikalsk nivå blanda med intens speleglede gjorde det til ein draumekonsert. Solistane var henta frå Brattvåg ungdomsskule, der flinke jenter song og dansa seg gjennom tidsepokar langt før deira si tid og fram til i dag. Tidsrette kostymer og dans var med på å sette ein ekstra spiss på framføringa. Ein av kveldens absolute høgdepunkt var ”Pay me my money down” som vart flott framført av solist Bjarne Lorgen, med god hjelp av lokale krefter. Kveldens overrasking var det det president i Brattvåg Rotary klubb som sto for. Lidvar Sunde kunne kunngjere at Rotary sin Kulturpris i 2007 gjekk fortent til Brattvåg Janitsjar, for den innsatsen dei gjer for kulturlivet i bygda. Leiar i janitsjaren Øyvind Skjelten fekk æra av å ta i mot prisen.

Bilde: Lidvar Sunde, president i Brattvåg Rotary klubb overrekte Øyvind Skjelten, leiar i Brattvåg Janitsjar ein sjekk på 10.000 kroner.

*Ref: Hjørdis Kristine S*



## **13.11.2007 - Bedrifts-besøk Hatlehol AS v/Harald Gudbrandsen**

**Fødselsdager:**

**Endre Sandnes 8/11**

**Rolf Haugerud 11/11**

**Jostein Skjelten 11/11**

Det var heile 22 frammøte då Roraty var på bedriftsbesøk ved Hatlehol AS.



Dei besøkande vart samla i kantina der det Geir Skaaden gjekk igjennom og informerte om bedrifta, maskiner, utstyr, produksjon og planar vidare. Det var også orientert litt om nybygget som skal kome opp på ”Rådhustomta” i Årsundet.

Bedrifta som Lars Hatlehol starta i 1933 for å gi ut avis Møre Bygdeblad har blitt ei moderande grafisk bedrift med kvalitet som kjennemerke.

Dei frammøtte vart delt i to grupper og gjekk igjennom bedrifta frå topp til tå. Mellom anna viste

Stig Gribbestad trykkeprosessen på den store firfarga trykkmaskina, og maskiner som stansar ut mapper og liknande.

Ved bedrifta Hatlehol har dei topp moderande trykkpresser og dei tilsette meistrar dei nyaste teknikkar innanfor grafisk design. Det var stor spørrelyst etter synfaringa og mange var overraska over kor mykje spennande som skjer på Hatlehol AS.

Til slutt fekk Geir Skaaden overrekt boka ”Småkraftverk” som takk for at Rotaryklubben fekk kome på besøk..

*Ref: Hjørdis Kristine S*

## **20.11.2007 – Samfjord Invest – nytt bolig-konsept v/Arne Harnes**

**Fødselsdager:** -

Thor G innledet møtet i Lidvar's fravær.

Ingen nye bursdager å applaudere for siste uke.

Vi gikk rett løs på hovedposten ved Arne Harnes som informerte om boligutviklingsprosjektet ”Samfjord Gårdene” på sjøsiden i Brattvåg nordover fra Dyrøy til System Electro.

Samfjord Eiendom ble etablert så sent som i april i år av Brattvåg Invest , Dyrøy og Sparmat Brattvåg med mål om å skape et unikt bolig / forretningskompleks i dette området - sterke pådriver med et stort lokalt engasjement. Det var inngått intensjonsavtaler med solide firma som bl a entreprenørfirmaet Kjell Nordang AS og Sportstøl Arkitektfirma. Det ble lagt stor vekt på estetikk, strandpromenade uten biltrafikk og på sikt også en gangbroforbindelse ut til Brattholmen. Hurtigbåtkai, småbåthavn og gjestehavn var inntegnet i prospektet. En del



utfylling påkrevd ut i nåværende bukt der Bruket og Rognes ligger. Totalt ca 7 mål. Knapt 4500 m<sup>2</sup> boligareal i Fase 1 fra nåværende nedkjørsel til Dyrøy og nordover. Leiligheter i størrelse fra ca 40 til ca 130 m<sup>2</sup> med mange kombinasjonsmuligheter. Mål om å få dette ut for salg i midten av januar 2008 med mulig byggestart allerede senere på våren. I Fase 2 var tiltenkt både forretningsareal og boligareal i forlengelsen av eksisterende forretningscenter og nordover.

I Brattvåg har mange prosjekt gjennom historien vært basert på sterkt lokalt engasjement og at noen har våget å stikke hodet fram og satse. Arne H på pekte at det var kjekt nå å føle at det stadig kom flere ble med ”på lag” for å få til noe.

Ref: *Rolf D*

## 27.11.2007 – Medlemsutvikling

Fødselsdager:

**Oddmund Dalhaug 23/11**

Harald Gudbrandsen hadde kveldens tre minutt. Han tok opp eit positivt tema som han kalla ”heimbygda mi”. Gudbrandsen ramsa opp mykje positivt som hadde skjedd i bygda: Ny skule, god barnehagedekning, ny sjukeheim, bowling, sjø, fjell, kunstgrasbane og arbeid for alle som vil jobbe. Haram har blitt ei stor kulturkommune og det har kome mykje positivt i kjølvatnet av dei to kulturhusa. Rundt kyrkja har vi fått eit flott anlegg rundt. To store bustadkompleks er under utvikling. Han la også vekt på at bygda ligg nær Ålesund lufthamn. Medlemsverving  
Tema for møte var medlemsverving mot 2010. Medlemstalet i Rotary har gått ned og det er sett abasiøse mål frå



sentralt hald. Kvar klubb må til dømes syte for å ha ein netto tilvekst per år der minst 20 prosent skal vere kvinner. Per i dag har Brattvåg Rotaryklubb fem kvinner. Ein bør fokusere på å få med yngre der kvalitet og aktivitet er det viktigaste. Vi ønsker oss eit mangfold av yrke, alder og kjønn, etniske borgarar med anna bakgrunn.

I 2007/2008 har vi hatt ein nettotilvekst på to medlemmer, sa presidenten.

Gode program er viktig og det har vi absolutt hatt, meinte presidenten. Vi har mist nokre medlemmar, og det er dei sist ankomne som gir seg.

”Look to Spjelkavik”. Ein kan til dømes sjå på klassifikasjonslista kva har vi – og kva vi manglar. Vi bør ha ei liste over bedrifter i området og liste over aktuelle kandidatar var noko av forslaga. Ein ide var å ha introduksjonsmøter for potensielle medlemmar og å spørje tidlegare kandidatatar, annonsera programmet i Haramsnytt, invitere på spesielle møter, kanskje på årsfest e. l. Ein sovande regel å ta med ein gjest på rotarymøta

Ref: *Hjørdis Kristine S*

## 03.12.2007 – Norskopplæring for fremmedspråklige ved Edel Tollås

Fødselsdager: -

Møtet var lagt til Brattvåg gamle barneskule. Temaet var opplæring av framandspråklege.

Leiar for opplæringa i Haram, Edel Tolås., fortalte at det var ganske mange elevar frå alle verdsdelar. Antalet varierte, men stort sett var det ei høveleg stor klasse.

Til å ta seg av opplæringa var det ein leiar, ein lærar og assistent. Opplæringa var oppdelt i 3 trinn. Trinn 1 og 2 var i Brattvåg, mens trinn 3. var i Ålesund. Elevane budde i alle delar i Haram.

Undervisinga var både på dag- og kveldstid. Det vart sett krav til at elevane måtte varsle om dei ikkje kunne møte. Dersom dei ikkje varsla 3.gongar, så måtte dei betale kurset sjølve. Det var godt frammøte, og stort sett bra resultat..

Ref: *Johan M*

## 11.12.2007 – Bowling

Fødselsdager:

Bedriftsbesøk hos Brattvåg Bowling & Restaurant

Dei fleste av medlemane i rotary hadde ikkje vore i dei fine nye lokalene til Brattvåg Bowling i Storgata 16. Bowlinghalla er heilt ny og ligg der Prix hadde forretning

Det er blitt eit fint anlegg med 6 baner og restaurant. Anlegget kunne ikkje realiserast utan at patriotar hadde stilte opp og stilt midlar til disposisjon. Ære til desse bedriftene og personane. Medlemane til Brattvåg

Rotaryklubb hadde stort sett lite erfaring i å bowle. Det var derfor stor spenning når medlemane prøvde seg på banene. Resultatet var opp og ned. Men mange vart rett ivrig. Trueleg vil fleire kome att og prøve seg på dette fine sosiale anlegget.

Ref: *Johan M*

## 18.12.2007 Fritt møte

Fødselsdager:

**Thorleif Marken 16/12**

I kveld er det siste møte i året 2007. Kameratskapskomiteen hadde ordna med gløgg og peparkaker. Nokre av medlemane hadde med seg ”ledsager” President Lidvar oppsummerte sitt første halvår som president. Han sa seg fornøyd med frammøte, komitearbeidet, og programma på møta. Det såg også ut for at minst ein ny medlem kunne takast opp med det første.

Bente Bruun la fram forslag til program for andre halvår. Det såg lovande ut.

Rolv Rørhus framførde ei engelsk vise- Kanskje kan den kallast sjølvmelding .

I godt lag gjekk kvelden fort, og eitt halvår er blitt historie

Ref: *Johan M*

